



Arkivnr: 2014/24577-24

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval           | Saknr. | Møtedato |
|-----------------|--------|----------|
| Kontrollutvalet |        |          |

### Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesvegar

#### Bakgrunn for saka:

#### Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 60/15 i møte 13.10.2015

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Drift og vedlikehald av fylkesvegar", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Etablere ei arbeidsgruppe for oppfølging av strategien for drift og vedlikehald av fylkesvegane i Hordaland
2. Utarbeide ein samla tiltaks- og handlingsplan for arbeidet med strategien for å redusera forfallet på vegnettet
3. Utarbeide rutinar for gjennomføring av risikovurderinger
4. Rapportere årleg om status på strategien til politisk nivå
5. Utarbeide ein kontraktsstrategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Hordaland
6. Etablere rutinar for å følgja opp og rapportera effektar av dei samla tiltaka i strategien
7. Utarbeide eit system for prioritering, bruk og rapportering av løvvingane som synleggjer i kva grad ein når målet om å styrke vedlikehaldet av fylkesvegane.
8. Laga ein handlingsplan innan 1.12.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

#### Handlingsplan i tråd med punkt 8 i vedtaket over vart handsama i kontrollutvalet 2.5.16 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesvegar i Hordaland fylkeskommune.
2. På bakgrunn av at det gjenstår ein god del arbeid før det er sett i verk naudsynte tiltak ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.6.2016.

#### Kontrollutvalet handsama status i høve oppfølging av denne forvaltningsrevisjon i møte 21.6.16 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på at forbettingsarbeidet i samband med forvaltningsrevisjon av drift og

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: [Roald.Breistein@hfk.no](mailto:Roald.Breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

- vedlikehald av fylkesvegar i Hordaland fylkeskommune no er kome et stykke vidare i høve handlingsplanen som vart handsama i forrige møte i kontrollutvalet.*
2. *På bakgrunn av at det framleis gjenstår ein god del arbeid før det er sett i verk naudsynte tiltak ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2016.*
  3. *Kontrollutvalet ber også om at tilbakemeldinga vert gjeve relatert til kvart av dei 7 punkta i vedtaket frå fylkestinget.*

#### Drøfting:

Skriftleg tilbakemelding om status på arbeidet med oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen er no motteke frå fylkesrådmannen og ligg ved saka. Av tilbakemeldinga registrerer sekretariatet at det er gjort mykje for å få på plass forbeteringar på alle punkta i rapporten og meiner med det at kontrollutvalet bør seie seg nøgd med arbeidet som er gjort. Det går m.a. fram av tilbakemeldinga at fylkestinget i møte 13. – 14.12.16 skal handsame sak «Strategi for drift og vedlikehald på fylkesvegnettet i Hordaland fram mot 2029». Vidare går det fram at den saka vert ein del av grunnlaget for Regional transportplan (RTP) som skal leggjast fram for fylkestinget i oktober 2017.

#### Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesvegar.

#### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesvegar i Hordaland fylkeskommune og seier seg ferdig med saka.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Svar til kontrollutvalet - Forvaltningsrevisjon av Drift og vedlikehald - desember 2016
- 2 Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet fram mot 2029
- 3 Underlag til DV strategi - Plan for utbetring av lange fylkesvegtunnelar i Hordaland (2015)
- 4 Underlag til DV strategi - Fylkesvegbru i Hordaland, forfall 2010-2016 (2016)
- 5 Underlag til DV strategi - Vegkropp med sideanlegg og vegutstyr, forfall 2010-2016 (2016)
- 6 Underlag til DV strategi - Systema for avvatning, drenering og vassgjennomløp, forfall 2010-2016 (2016)
- 7 Underlag til DV strategi - Fylkesvegkaiane i Hordaland (2016)
- 8 Underlag til DV strategi - Veglysnalegg i Hordaland (2016)
- 9 Saksframlegg til strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Hordaland fram mot 2029